



MØTEBOK

Organ	Hovudutval for opplæring
Møtestad	Fylkeshuset, Leikanger. Møterom Sygna, 1 etg.
Møtedato	27.03.2019
Kl.	10:00 – 14:10

Faste medlemer til stades:

Karianne Torvanger (Ap)
Henrik Oppen (Ap)
Gunn Åmdal Mongstad (Sp)
Anders Ryssdal (Sp)
Ole Johnny Stubhaug (Sp)
Alfred Bjørlo (V)
Sonja Merethe Øvre-Flo (H)
Trude Brosvik (KrF)

Forfall til møtet:

Senea Sabanovic (Ap)

Varamedlemer til stades:

Arve Helle (Ap)

Til stades med møte- og talerett:

Fylkesdirektør Bekka Skaasheim
Fylkeshovudtillitsvald Jasmin Eminovic
Elev- og lærlingombod Venke Nordeide

Sekretariat for møtet:

Førstekonsulent Merete Husabø Nornes

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Utvalet vedtok ope møte.

Hovudutvalet for opplæring valde møteleiar og Trude Brosvik til å godkjenne møteboka på vegner av organet.

Munnlege orienteringar:

1. Arbeid med Vestland fylkeskommune v/fylkesdirektør Bekka Skaasheim
2. Presentasjon av resultatata ved elevundersøkinga i 2018 v/Frode Kristian Grøtnebø, vedlegg 1.
3. Presentasjon i samband med HO-sak 4/19 Nytt opplærings- og kompetansesenter i Førde, v/Rolf Årdal, vedlegg 2.

Hovudutvalet for opplæring vurderte habiliteten til representanten Ole Johnny Stubhaug og fann han ugild til å delta på handsaming av sak 3/19.

Sak 7/19 vart handsama før sak 5/19 og 6/19.

Sonja Merethe Øvre-Flo fekk permisjon frå kl. 14:00 og deltok ikkje ved handsaming av sakene 5/19 og 6/19.

SAK 2/19 Skriv og meldingar HO 27.03.19

Følgjande skriv vart handsama:

1. Arbeidet med samfunnskontrakten
2. Skulebesøk 2018-2019
3. Sett-Høyr-Spurt
4. Høyring – Forslag til endring i organisering av skuleåret i vidaregåande opplæring
- 4a. Høyring – Forslag til endring i organisering av skuleåret i vidaregåande opplæring

SAK 3/19 Utbygging Sogndal vgs avd. Kaupanger med utleigedel

Hovudutvalet for opplæring fann representanten Ole Johnny Stubhaug ugild til å delta i handsaminga av saka, jf. forvaltningslova § 6 første ledd, bokstav e).

VEDTAK:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Utarbeidd rom- og funksjonsprogram datert 03.02.19, med samla nettoareal på 3.685 m², vert lagt til grunn for utbygging av Sogndal vgs, avd Kaupanger og for utbygging av utleigedel.
2. Det skal inngåast leigeavtale med Vitensenteret i Sogn og Fjordane as, slik det er framstilt i saka. Fylkesrådmannen får fullmakt til å slutføre tingingar og inngå leigeavtale.
3. Den totale kostnadsramma vert sett til 140 mill. 2019-kr. Løns- og prisstiging og ev. kostnader knytt til reguleringsplanarbeidet og tilhøyrande rekkefylgjekrav kjem i tillegg.

SAK 4/19 Nytt opplærings- og kompetansesenter Førde

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Hovudutvalet for opplæring rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Utarbeidd rom- og funksjonsprogram, datert 12.03.19, med samla nettoareal på 20.227 m², vert lagt til grunn for utbygging av ny vidaregåande skule og ny tannklinikk på Indre Øyrane i Førde.

2. Hafstad vidaregåande skule vert seld til Førde kommune i tråd med tidlegare vedteken intensjonsavtale. Det er føresett at Førde kommune gjer parallelt vedtak. Ny og endeleg avtale vert inngått ihht. dette. Fylkesrådmannen får fullmakt til å slutføre og signere endeleg avtale.
3. Den totale kostnadsramma vert sett til 720 mill. kr. Løns- og prisstigning, kostnader til tomtekjøp og kostnader i fbm. rekkefylgjekrav - som del av reguleringsprosessen - kjem i tillegg.
4. Fagskulen i Sogn og Fjordane, avd Førde, vert ikkje ein del av dette prosjektet.

Endringsframlegg:

Trude Brosvik (KrF) kom med følgjande framlegg til nytt punkt:

Skulen skal byggast som eit klimanøytralt bygg eller «plusshus». Det skal hovudsakleg nyttast tre som byggmateriale.

Avrøysting:

Det vart stemt samla over punkt 1 til 4. Desse vart samrøystes vedteke.

Vidare vart framlegg om nytt punkt frå Trude Brosvik (KrF) samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Hovudutvalet for opplæring rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Utarbeidd rom- og funksjonsprogram, datert 12.03.19, med samla nettoareal på 20.227 m², vert lagt til grunn for utbygging av ny vidaregåande skule og ny tannklinikk på Indre Øyrane i Førde.
2. Hafstad vidaregåande skule vert seld til Førde kommune i tråd med tidlegare vedteken intensjonsavtale. Det er føresett at Førde kommune gjer parallelt vedtak. Ny og endeleg avtale vert inngått ihht. dette. Fylkesrådmannen får fullmakt til å slutføre og signere endeleg avtale.
3. Den totale kostnadsramma vert sett til 720 mill. kr. Løns- og prisstigning, kostnader til tomtekjøp og kostnader i fbm. rekkefylgjekrav - som del av reguleringsprosessen - kjem i tillegg.
4. Fagskulen i Sogn og Fjordane, avd Førde, vert ikkje ein del av dette prosjektet.
5. Skulen skal byggast som eit klimanøytralt bygg eller «plusshus». Det skal hovudsakleg nyttast tre som byggmateriale.

SAK 5/19

Stimuleringstilskot for fag- og yrkesopplæringa 2019

VEDTAK:

1. Fylkesrådmannen får mynde til å disponere stimuleringstilskotet i fag- og yrkesopplæringa i 2019 til lærlingar, lærekandidatar og praksisbrevkandidatar med ungdomsrett i Sogn og Fjordane, kr 4.995.000,-, til følgjande tiltak:

- a. Formidling av lærekandidatar og lærlingar med låge karakterar/stort fråvære, stillingsressurs.
- b. Inntil kr 30.000,- i tilskot til bedrifter som tek inn lærekandidatar under 18 år (lønsmidlar).
- c. Inntil kr 50.000,- i ekstratilskot til lærebedrift for kvar søkar til lære plass som er vanskeleg å formidle på grunn av låge karakterar, stort fråvære eller vesentlege tilretteleggingsbehov (utprøving i bedrifta, inntil 3 mnd).
- d. Oppfølgingstiltak for lærlingar og lærekandidatar der det undervegs i læretida vert avdekka behov for ekstra tilrettelegging.
- e. Yrkesfagleg nettverk.
- f. Nettverk for jenter i mannsdominerte lærefag og for gutar i kvinnedominerte lærefag.
- g. Tilskot til ekstraopplæring for lærlingar med feil fordjuping/omval frå andre utdanningsprogram.
- h. Kvalifisering av søkjarar med manglande karaktergrunnlag i fellesfag og/eller programfag.
- i. Kurs for prøvenemnder.
- j. Vg3 i skule som alternativ til lære plass i eige fylke, eller kjøp av vg3 plassar i andre fylke.
- k. Tilskot til nye lærebedrifter på kr 30.000,- til bedrifter som teiknar lærekontrakt/opplæringskontrakt for fyrste gong. Midlane skal tildelast etter fylgjande kriterium:
 - o Bedrifta må vere ny som lærebedrift (ikkje ha hatt lærlingar siste 7 åra).
 - o Bedrifta må teikne lærekontrakt/opplæringskontrakt med ein søkjar med ungdomsrett.
 - o Bedrifta må forplikte seg til å sende instruktør/fagleg leiar på instruktørkurs.
- l. Styrking av instruktør opplæringa for nye lærebedrifter, tilskot på kr 5.000,-.
- m. Støtte til fylkesmeisterskapet (skulemeisterskapen) for yrkesfag.
- n. Støtte til deltaking i Skule-NM for yrkesfag (utgifter utover 1 deltakar per skule).
- o. Støtte til deltaking i fylkesmeisterskap for lærlingar.

**SAK 6/19 Plan for kompetanseutvikling i vidaregåande opplæring
2019-2020**

VEDTAK:

1. Plan for kompetanseutvikling i vidaregåande opplæring skuleåret 2019 - 2020 vert vedteken slik den ligg føre.
2. Fylkesrådmannen får mynde til å omdisponere dei fylkeskommunale midlane til etterutdanning for å kunne møte kravet om eigendel i dei ulike statlege satsingane for desentralisert kompetanseutvikling.

**SAK 7/19 Justering av opplæringstilbodet for skuleåret 2019 -
2020**

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Opplæringstilbodet for skuleåret 2019-2020, vedteke i HO-sak 34/18, vert endra slik:

Det utlyste tilbodet ved Dale vidaregåande skule vert endra slik:
Vg1 teknikk og industriell produksjon vert auka frå 1 til 2 grupper

Det utlyste tilbodet ved Eid vidaregåande skule vert endra slik:
Vg1 teknikk og industriell produksjon vert auka frå 2 til 3 grupper.

Det utlyste tilbodet ved Firda vidaregåande skule vert endra slik:
Vg1 studiespesialisering vert redusert frå 2 til 1 gruppe

Det utlyste tilbodet ved Flora vidaregåande skule vert endra slik:
Vg2 byggteknikk vert auka frå 1 til 2 grupper
Vg2 sal, service og sikkerheit vert redusert frå 1,5 til 1 gruppe

Det utlyste tilbodet ved Høyanger vidaregåande skule vert endra slik:
Vg2 studiespesialisering vert ikkje sett i gang

Det utlyste tilbodet ved Mo og Øyrane vidaregåande skule vert endra slik:
Vg1 restaurant- og matfag vert auka frå 1 til 2 grupper
Vg2 Bilskade, lakk og karosseri vert ikkje sett i gang

Det utlyste tilbodet ved Måløy vidaregåande skule vert endra slik:
Vg2 plast og kompositt vert ikkje sett i gang

Det utlyste tilbodet ved Sogndal vidaregåande skule vert endra slik:
Vg1 helse og oppvekst vert auka frå 2 til 3 grupper
Vg2 medium og kommunikasjon vert ikkje sett i gang

2. Hovudutval for opplæring rår til at hovudutval for opplæring og kompetanse i Vestland fylkeskommune gjer ei vurdering av ny utlysing av tilboda som ikkje er tilrådde å sette i gang for skuleåret 2019-2020.
3. Det vert sett av ressursar tilsvarande 1 grupperessurs til å opprette ei ekstra gruppe, eller til å finne løysingar for auka plasstal i samband med inntaket. Fylkesrådmannen får mynde til å disponere ressursen.

Endringsframlegg:

Hovudutvalet for opplæring kom med følgjande framlegg til endringar:

1. Som fylkesdirektøren sitt framlegg med følgande endringar
 - Vg2 Studiespesialiserande ved Høyanger vgs vert sett i gang
 - Vg2 Medium og kommunikasjon ved Sogndal vgs vert sett i gang
2. Som fylkesdirektøren
3. Plasstalet ved vg1 elektro ved Eid vgs vert sett til 15 elevar pr. gruppe.
4. Det samla tilbodet vert finansiert innanfor den vedtekne økonomiske ramma for opplæringstilbodet.

Pkt 3 i fylkesdirektøren si tilråding går ut.

Avrøysting:

Fylkesdirektøren sitt framlegg med dei endringar som kjem fram under endringsframlegg vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Opplæringstilbudet for skuleåret 2019-2020, vedteke i HO-sak 34/18, vert endra slik:
 - Det utlyste tilbudet ved Dale vidaregåande skule vert endra slik:
Vg1 teknikk og industriell produksjon vert auka frå 1 til 2 grupper
 - Det utlyste tilbudet ved Eid vidaregåande skule vert endra slik:
Vg1 teknikk og industriell produksjon vert auka frå 2 til 3 grupper.
 - Det utlyste tilbudet ved Firda vidaregåande skule vert endra slik:
Vg1 studiespesialisering vert redusert frå 2 til 1 gruppe
 - Det utlyste tilbudet ved Flora vidaregåande skule vert endra slik:
Vg2 byggteknikk vert auka frå 1 til 2 grupper
Vg2 sal, service og sikkerheit vert redusert frå 1,5 til 1 gruppe
 - Det utlyste tilbudet ved Mo og Øyrane vidaregåande skule vert endra slik:
Vg1 restaurant- og matfag vert auka frå 1 til 2 grupper
Vg2 Bilskade, lakk og karosseri vert ikkje sett i gang
 - Det utlyste tilbudet ved Måløy vidaregåande skule vert endra slik:
Vg2 plast og kompositt vert ikkje sett i gang
 - Det utlyste tilbudet ved Sogndal vidaregåande skule vert endra slik:
Vg1 helse og oppvekst vert auka frå 2 til 3 grupper
2. Hovudutval for opplæring rår til at hovudutval for opplæring og kompetanse i Vestland fylkeskommune gjer ei vurdering av ny utlysing av tilboda som ikkje er tilrådde å sette i gang for skuleåret 2019-2020.
3. Plasstalet ved vg1 elektro ved Eid vgs vert sett til 15 elevar pr. gruppe
4. Det samla tilbudet vert finansiert innanfor den vedtekne økonomiske ramma for opplæringstilbudet.
